

## Kvinnherad kommune

### Detaljregulering for Årsnes industriområde, 81/211 m.fl.

PlanID 20210005

## Planprogram



Dato: 02.06.2025

Revidert: -

# INNHALD

|          |   |           |
|----------|---|-----------|
| <b>1</b> | <b>INNLEIING</b> .....                                      | <b>3</b>  |
| 1.1      | BAKGRUNN OG FØREMÅL .....                                   | 3         |
| <b>2</b> | <b>DAGENS BRUK I OG VED PLANOMRÅDET</b> .....               | <b>4</b>  |
| <b>3</b> | <b>PLANLAGT SITUASJON</b> .....                             | <b>5</b>  |
| <b>4</b> | <b>GJELDANDE PLANSTATUS</b> .....                           | <b>7</b>  |
| <b>5</b> | <b>LOKALISERING OG PLANAVGRENSING</b> .....                 | <b>9</b>  |
| <b>6</b> | <b>PLANPROSESS OG MEDVERKNAD</b> .....                      | <b>10</b> |
| 6.1      | PLANFRAMLEGG MED KONSEKVENSGREIING .....                    | 10        |
| 6.2      | PLANPROSESS OG MEDVERKNAD .....                             | 13        |
| <b>7</b> | <b>FØRINGAR OG RAMMER FOR PLANARBEIDET</b> .....            | <b>14</b> |
| <b>8</b> | <b>SENTRALE FAGTEMA I PLANARBEIDET</b> .....                | <b>14</b> |
| 8.1      | NATURRESSURSAR (LANDBRUK OG FISKERI) .....                  | 14        |
| 8.2      | NATURMANGFALD .....   | 16        |
| 8.3      | KULTURMINNE OG KULTURMILJØ .....                            | 18        |
| 8.4      | LANDSKAP .....  | 18        |
| 8.5      | STRANDSONE OG FRILUFTSLIV .....                             | 19        |
| 8.6      | BARN OG UNGE .....  | 20        |
| 8.7      | SJØOMRÅDA .....   | 20        |
| 8.7.1    | <i>Djupnetilhøve i sjø</i> .....                            | 20        |
| 8.7.2    | <i>Ferdsl på sjø: Hamn, ankring, farlei og ferdsl</i> ..... | 21        |
| 8.8      | SAMFERDSEL – TRANSPORT PÅ VEG .....                         | 22        |
| 8.8.1    | <i>Dagens trafikk situasjon</i> .....                       | 22        |
| 8.8.2    | <i>Framtidig trafikkbilete og trafikkfordeling</i> .....    | 24        |
| 8.9      | FORUREINING .....   | 25        |
| 8.10     | KLIMAGASSUTSLEPP .....                                      | 25        |
| 8.11     | ANDRE FAGTEMA .....   | 25        |
| 8.11.1   | <i>Næringsutvikling og sysselsetting</i> .....              | 25        |
| 8.11.2   | <i>Grunnforhold og massehandtering</i> .....                | 26        |
| 8.11.3   | <i>Vatn, avløp og overvatn</i> .....                        | 26        |
| 8.12     | RISIKO OG SÅRBARHEIT .....                                  | 27        |
| <b>9</b> | <b>UTGREIINGSPROGRAM FOR KONSEKVENSGREIING</b> .....        | <b>27</b> |
| 9.1      | ALTERNATIV SOM SKAL UTGREIAST .....                         | 27        |
| 9.2      | METODE .....  | 28        |
| 9.3      | UTGREIINGSTEMA OG KUNNSKAPSGRUNNLAG .....                   | 28        |

# 1 Innleiing

Planprogrammet er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova (pbl.) § 4-1 og forskrift om konsekvensutgreiing (2017). Planprogrammet gjer greie for bakgrunn, innhald og framdrift, samt medverknad og utgreiingsprogram for konsekvensutgreiinga (KU). Planarbeidet vert utført av ABO Plan & Arkitektur Stord AS på vegne av tiltakshavar Kvinnherad kommune.

|   |   |
|---|---|
| <b>Hovudføremål med ny plan</b>                     | Utvikling av industriområdet på Årsnes. Området vil m.a. regulerast til næringsføremål og djupvasskai |
| <b>Planområdets storleik</b>                        | Om lag 94 daa   |
| <b>Aktuelle problemstillingar</b>                   | Tilkomst, strandsone, terrengtilpassing og landskapsverknader, utforming av næringsområde             |
| <b>Krav om konsekvensutgreiing</b>                  | Ja  |
| <b>Oppstartsmøte</b>                                | -   |
| <b>Forprosjekt</b>                                  | Rapport dagsett 21.05.2025  |
| <b>Godkjenning av varsel om oppstart</b>            | <a href="#">Plan teknikk og miljøutvalet 10.06.2025</a>   |
| <b>Vedtak av høyring av planprogram</b>             | <a href="#">Plan teknikk og miljøutvalet 10.06.2025</a>   |
| <b>Varsel om oppstart og høyring av planprogram</b> |   |
| <b>Vedtak planprogram</b>                           |   |

## 1.1 Bakgrunn og føremål

Kvinnherad kommune har engasjert ABO Plan & Arkitektur AS til å utarbeide detaljregulering for utvikling av eksisterande industriområde på Årsnes i Kvinnherad kommune. Det er ikkje halde eige oppstartsmøte i plan-saka med Kvinnherad kommune, men oppdraget er avklara gjennom rammeavtale og avrop 25.11.2021. Kommunen treng å legge til rette for eit byggjeklart næringsområde, og det er utarbeidd eit forprosjekt for utvikling av industriområdet på Årsnes, dagsett 21.05.2025.

Storparten av planområdet er i frå før regulert til næringsføremål. Gjeldande reguleringsplan for Årsnes er ein eldre plan i frå 1991, som ikkje held dagens krav. I samband med ny detaljregulering er det føresett at eldre reguleringsplan, Årsnes industriområde – Utviding, PlanID 19910002, vert oppheva i sin heilskap i samsvar med reglane i plan og bygningslova kapittel 12. Ny plan vil også omfatte ein mindre del av reguleringsplan for Årsnes ferjekai RV. 48 HP. 90, PlanID 20040013. Denne delen er det også føresett å oppheve.

Detaljreguleringa sitt hovudføremål er å legge til rette for utvikling av industriområdet på Årsnes. Dette er eit ledd i at kommunen kan tilby eit godt og byggjeklart nærings-område for framtidige etableringar i området. Det er stor etterspurnad etter næringsareal til sjø i regionen. Det er ønske om å etablere ei klynge med havbruksaktørar i området, og elles industri som er komplementær til næringsområdet Årsnes sør. Området kan òg vera aktuelt i høve riggplass for større kraftutbygging, lagerhall etc. I tillegg er det fleire aktørar som har vore i kontakt med kommunen om høve til etablering her, dette tilknytt djupvasskai, lager/logistikk-operasjonar, entreprenørverksemder, riggområde og resirkuleringsanlegg for byggmateriale.

Store deler av næringsarealet sør for Årsneselva er sprengt ut og planert. Det er berre ein mindre del i nord mot elva som ikkje er opparbeidd. Dersom ein tek utgangspunkt i eksisterande byggegrop, gir det samla potensial for i overkant av 20 daa næringsføremål. Dette gir moglegheit for fleire mindre tomter eller færre større tomter. Det er positivt å utnytta og vidareutvikla allereie planerte område som næringsområde, i staden for å ta i bruk nye, urørte areal. Dette er særleg aktuelt på bakgrunn av klima- og miljøomsyn, men også av omsyn til omgjevnadane.


Arealet nord for elva er ikkje opparbeida i dag og består i hovudsak av skog. Det er potensiale for å etablere næringsføremål lengst oppe ved fv. 500. Ei utnytting av dette området gir potensielt i overkant av 4 daa

næringsområde, dersom ein legg til grunn 9,4 meter byggegrense i frå senterlinje på fv. 500. Vestland fylkeskommune har signalisert at dette er for liten avstand, noko som vil medføre eit mindre areal enn 4 daa.

Ein ønskjer òg å etablere ein djupvasskai i planområdet, som bør ha min. djupne på 8 meter. Kaien bør vera kunne nyttast for alle eigedomane på næringsområdet, samt for eksterne leveransar/bruk.

## 2 Dagens bruk i og ved planområdet

Store deler av planområdet er opparbeida. Årsneselva renn gjennom planområdet og deler den i sørre og nordre delen. Nesten heile området sør for elva er sprengt ned og planert på kainivå. Det er ingen bygg på området i dag, med unntak av nokre brakker (kortsiktig utleige). Marine Harvest er etablert på næringsområdet med kai og kontorbase. Tilgrensande areal er Årsnes ferjekai med oppstillingsplassar, venterom, bussoppstillingsplassar m.m. Arealet nord for elva består av fire nausttomter med naustbygg og tilhøyrande vegtilkomst frå fv. 500.



Figur 1 Flyfoto 2025. Google maps

I næringsområdet sør for ferjekaien er det etablert fleire næringsverksemdar, m.a. Viking Lifesaving Equipment Norway As, som kursar i tryggleik og livbåt, samt ECG, som er ein fusjon mellom Hellesøy Verft, Hellesøy

Holding og Rosendal Marineservice. Dei designar og bygger båtar, gjennomfører service, vedlikehald og ombyggingar, samt tilbyr stål- og aluminiumkonstruksjonar m.m.

På oppsida av fv. 500 ligg det ein bustad og beiteområde like ved planområdet (på vestsida av fv. 500). På austsida av fv. 500 er det etablert tre gardsbruk, samt fire utleigehytter (Lyngstrand).

### 3 Planlagt situasjon

Planområdet er på land avsett til næringsføremål i gjeldande kommuneplan, og det er ønskeleg å legge til rette for vidare utvikling av industriområdet på Årsnes. Heilt nord i planområdet er det etablert naust, som vil regulerast med naustføremål med tilhøyrande felles småbåtanlegg i sjø. Regulering av næringsområdet er eit ledd i at kommunen kan tilby eit godt og byggeklart næringsområde for framtidige etableringar i området. Det er utarbeidd eit forprosjekt for utviklinga av næringsområdet som skal danne grunnlaget for detaljreguleringa. I avsnitta nedanfor gir ein att skisseløysing for området (næringsareal, kaiareal og hamn) som beskrive i forprosjektet.

#### Næringsareal i sør

Store deler av næringsarealet sør for elva er sprengt og planert. Det er berre ein mindre del i nord mot elva som ikkje er opparbeida. Ein har teke utgangspunkt i eksisterande byggegrop, som samla gir potensial for i overkant av 20 daa næringsføremål. Dette gir moglegheit for fleire mindre tomter eller færre større tomter.

Byggegroppa har skjering mot fv. 500 i aust/søraust. Terrenget stig mot nord/nordøst. Ein tenker difor at nye bygg på næringsområdet kan utnytte terrengforskjellen og ha ei avtrapping av byggehøgde for å skjerme skjeringa, samt unngå silhuettverknad/hindre utsikt frå busetnad i nærområdet. Frå innkøyring til området og nordover, rår ein til ei opptrapping av bygningshøgde i frå sør mot nord. I skissa under er det synt 12 meter høge bygg i sør, til 18 meter høge bygg i nord. Dette vil kringliggjande landskap tole godt. I medverknadsprosessen er det kome innspel om behov for bygningar opp mot 28 meter, og ein må ein jobbe vidare med høgde og plassering av bygningsmasse i reguleringsplanfase.



Figur 2 Illustrasjon mogeleg utbygging. ABO

Tidleg i forprosjektet (2022) vart det jobba med alternative løysingar internt på næringsområdet, alternativ 1a-b og 2. Alternativ 1a gir om lag 22 daa næringsareal og alternativ 1b om lag 21 daa næringsareal. Alternativ 2 gir samla eit næringsareal på i over kant av 15 dekar. Desse tek utgangspunkt i eksisterande avkøyring mot ferjeleiet, og grunnkart frå 2022. I vidare prosessar har ein fått avklaring med Vestland fylkeskommune om vegsituasjonen. Fylkeskommunen har akseptert at det vert jobba vidare med ein tilkomst via ferjekaien, men set som premiss at trafikkbruken av området må optimaliserast.

Køyrerøy i avkøyrsla skal ha vikeplikt for ferjetrafikken, og ÅDT i avkøyrsla kan ikkje bli så stor at den kjem i konflikt med ferjetrafikken. Elles må reguleringsplanen planleggje løysingar som genererer minst mogleg kryssing av mjuke trafikantar. Dette er forhold som arbeid med reguleringsplanen må løyse. Sjå forprosjektrapporten for fleire detaljar.


## **Næringsareal i nord**

Arealet nord for elva er ikkje opparbeidd i dag og består i hovudsak av skog. Det vil såleis vera behov for kartlegging av naturmangfald på land dersom området skal regulerast til næringsføremål. Det er etablert veg og naustområde ved sjøen. Eksisterande naust har vegtilkomst frå fv. 500. Det er skråande terreng frå fylkesvegen og ned til sjøområdet. Fylkesvegen ligg på ca. kote +22. Dagens veg til naustområdet har 8-9 % stigning.

For å kunne utnytte området best mogleg bør avkøyring til området flyttast nordover samanlikna med dagens avkøyring. Kryssløysing må vera dimensjonert for lastebil. Vegtilkomst og stigning fram til næringsområdet må sette krava i N100. Køyreveg vidare ned til naustområdet kan smalnast inn og ha større stigningsforhold.

Det er potensiale for å etablere næringsføremål lengst oppe ved fv. 500. Sjå figur under for mogleg løysing av området. For å gi storleik på arealet må det liggje tett på fylkesvegen. I skissa er arealet om lag 9,4 meter frå senterlinje fv. 500. Det er skrånande terreng i området, og for å skape ei flate må det etablerast ein 4-5 meter høg mur vest for næringsområdet, mot sjø. Ny vegframføring vil medføre større utfylling langs vegen til naustområdet. Ei utnytting av dette området gir potensielt i overkant av 4 daa næringsområde, dersom ein legg til grunn 9,4 meter byggegrense i frå senterlinje på fv. 500. Vestland fylkeskommune har signalisert at dette er for liten avstand, noko som vil medføre eit mindre areal enn 4 daa. Byggegrense mot fylkesveg er i utgangspunktet 50 meter til senterlinje. I reguleringsplan for Gnr. 70, bnr. 3 og 5 m. fl. Årsnes industriområde lenger sør er det godkjent 20 meter byggegrense til vegkant.

Sett ut i frå omfang av inngrep for å kunne etablere næringsarealet og kostnader knytt til det, samt noko avgrensa kvalitet av næringsarealet, ser me utfordringar knytt til etablering av næringsareal i dette delområdet.



## **Kaiareal og hamn**

Ein djupvasskai bør ha minimum djupne på 8 meter. Det er på det meste i overkant av 30 meter frå dagens utfyllingslinje til denne djupna. Dette gir potensiale for godt og stort bakareal for leveransar og manøvrering på kaien. Etablering av djupvasskai må detaljprosjekterast i samband med utbygging. Den kan potensielt kunne etablerast med ein del utfylling i sjø, til kote 3-4 muh., og resterande lengde med peling. Kaiareal med 8 meter

djupne kan potensielt gi om lag 150 kaimeter. Lengde og plassering av kai må ein jobbe vidare med i reguleringa, ettersom Fjord1 har kome med tilbakemelding om at ny djupvasskai i området bør ligge minst 100 meter nordaust for enden av eksisterande støttkai, for å kunne ta i vare sikker tilkomst og avgang på Årsnes for deira ferjer.


Ein legg til grunn at piren knytt til ferjeleiet ligg fast og at denne ikkje kan rørast. Det er ikkje generelle krav til avstandar mellom pir/ferjetraffikk og andre tiltak. I skisseløysinga er avstanden til piren om lag 9 meter. Den litle bukta mellom piren og ny kai kan nyttast av båtar med mindre djupnebehov. Denne kaien vert om lag 70 m lang.

Kaien bør vera kunne nyttast for alle eigedomane på næringsområdet, samt for eksterne leveransar/bruk. På bakgrunn av dette har ein ikkje vurdert det som aktuelt å regulere næringsføremålet ut til kaiarealet, og rår til at køyreveg vert plassert mellom næringsføremåla og kaiarealet.

Eksisterande hamn i nord er planlagt vidareført som småbåthamn for t.d. arbeidsbåtar. Tilstand på eksisterande molo gir at det er behov for oppgradering av den. Ein har difor lagt til grunn at ny kai kan knytte seg inntil denne moloen.

## 4 Gjeldande planstatus

I gjeldande kommuneplan er området vist med næringsføremål og framtidig bruk og vern av sjø og vassdrag. Det er sett byggegrense mot sjø i kommuneplanen, og arealet er omfatta av bestemmelsesområde #A. Dette bestemmelsesområdet gir at reguleringsplan gjeld, men dersom det er motstrid gjeld kommuneplanen framføre reguleringsplanen, og at kommuneplanen utfyller eldre reguleringsplanar der tema ikkje er handsama i reguleringsplan, som t.d. fastsetting av byggegrense mot sjø. Areal grenser til areal sett av til LNF-område, næring, hamn og ferdsl. Deler av arealet er omfatta av faresone skred (H310).



Figur 3 Utsnitt kommuneplanens arealdel, Kvinnherad kommune.

Det er utarbeidd ei detaljregulering for prosjektområdet, Årsnes industriområde – utviding, 21.06.1991 (planID 4617\_19910002). Areal er regulert til industri/lager, friområde i sjø og mellombels massedeponi. Planen opnar for tiltak i sjø og uttak av fjell mot fv. 500 i aust. Naustområdet nord i området er regulert til næringsføremål.



Figur 4 Utsnitt frå gjeldande reguleringsplanar i området: PlanID 19910002 i nord, planID 20040013 i midten, og planID 20130003 i sør. Planområdet er synt med oransje stipla linje

Sør for prosjektområdet er det to reguleringsplanar:

1. Reguleringsplan for Årsnes ferjekai RV. 48 HP. 90, godkjent 09.02.2006 (planID 4617\_20040013)  
Hovudføremålet med planen er samferdsleføremål knytt til ferjekaien på Årsnes. Areal i området er regulert til samferdsleføremål, parkering, offentlig servicebygg, jord- og skogbruk, park og parkbelte. Deler av planen er oppheva av detaljregulering for Årsnes industriområde (2014). Mindre deler av planområdet går inn i denne planen, og vil bli oppheva ved vedtak av ny reguleringsplan for Årsnes industriområde.
2. Detaljreguleringsplan for 70/3 og 5 og 81/ 195, 208 og 209 - Årsnes industriområde – Løfallstrand (godkjent 25.09.2014)  
Hovudføremålet med planen er næringsareal og hamneområde i sjø. Areal i området er regulert til næring, privat tenesteyting/næring, kai, hamn, småbåtanlegg, friområde, vegetasjonsskjerm og samferdsleføremål.

Kvinnherad kommune arbeidar no med revisjon av kommuneplanen, der prosjektet har namnet Kvinnherad 2050. Arbeidet vil legge føringar for samfunnsutviklinga i Kvinnherad kommune fram mot år 2050. Næringsarealet på Årsnes er vidareført i frå gjeldande kommuneplan i forslaget som har vore ute til offentlig ettersyn.

Vegen mellom Folgefonntunnelen og Årsnes er del av Kvinnheradspakken og prosjektet er ferdigstilt. Målet med prosjektet har vore å skredsikre strekninga, samt betre trafikktryggleik og framkomst. Det er etablert tunnel mellom Sunndal og Kroka, og elles vegutbetringar.

Det er elles ikkje kjennskap til andre pågåande planprosessar som råkar området som forprosjektet vert utarbeidd innanfor.

### Om oppheving av planar

I samband med ny detaljregulering er det føresett at eldre reguleringsplan, Årsnes industriområde – Utviding, PlanID 19910002, vert oppheva i sin heilskap i samsvar med reglane i plan og bygningslova kapittel 12. Ny plan vil også omfatte mindre del av reguleringsplan for Årsnes ferjekai RV. 48 HP. 90, PlanID 20040013. Denne delen er det også føresett å oppheve.


## **5 Lokalisering og planavgrensning**

Planområdet ligg på Årsnes i Kvinnherad kommune, like ved Årsnes ferjekai. Planområdet er om lag 93,5 daa, og omfattar følgjande eigedomar: gbnr. 69/1, 70/6, 81/206, 81/211, 85/17, 85/42, 85/44, 85/45, 85/46, 85/47 og 85/48. Planområdet er avgrensa med bakgrunn i behov for næringsareal og hamneområde, areal for infrastruktur og parkering. Planområdet inkluderer tilkomst fram til offentlig veg.

Plangrensa vil kunne verta redusert til å berre omfatte areal som det er trong for å regulere som del av planarbeidet.



Figur 5 Oversiktskart der planområdet er markert med raud markør. Google maps, 2025



Figur 6 Planavgrønsing

## 6 Planprosess og medverknad

### 6.1 Planframlegg med konsekvensutgreiing

Føremålet med planprogrammet er å definere rammene for planarbeidet, inkludert fastsetjing av tilhøve som skal utgreiast og skildrast nærare i planframlegget. Eit anna føremål er å informere relevante planmynde, organisasjonar og involverte partar, og få innspel til gjennomføringa av reguleringsplanen og konsekvensutgreiinga (KU). Planprogrammet skal sikre tidleg medverknad og avklare viktige problemstillingar på eit tidleg tidspunkt i planarbeidet.

Planen skal utarbeidast som ei detaljregulering i samsvar med plan- og bygningslova § 12-3. Forskrift om konsekvensutgreiing § 4 gir at forslagsstillaren skal vurdere om planen vert omfatta av § 6, § 7 eller § 8. Føremålet med forskrifta er å sikre at omsynet til miljø og samfunn blir tatt i betraktning under førebuinga av planar og tiltak, og når det vert tatt stilling til om, og på kva vilkår, planar eller tiltak kan gjennomførast.

- § 6 b) gir at reguleringsplanar etter pbl. for tiltak i vedlegg I alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding. Unntatt frå dette er reguleringsplanar der det konkrete tiltaket er konsekvensutgreidd i ein tidlegare plan, og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidlegare planen. Vedlegg I omfattar følgjande plan/tiltak som kan vera aktuelt for denne planen;
  - Punkt 8 b) i vedlegg 1: *Nyetablering av farleder, havner og havnearlegg, der skip på over 1.350 tonn kan seile og anløpe.*  
Sjøarealet er ikkje tidlegare konsekvensutgreidd som hamneområde i sjø. Det er planlagd for djupvasskai, men det er ikkje planlagd eit *hamnearlegg* for store skip i planområdet. Dette òg grunna nærleiken til eksisterande ferjekai. Skip som legg til kai her vil i all hovudsak vera knytt til næringsverksemd i planområdet.
  - Punkt 24 i vedlegg 1: *Næringsbygg, bygg for offentleg eller privat tenesteyting og bygg til allmennnyttige formål med et bruksareal på meir enn 15.000 m<sup>2</sup>.*  
Det aktuelle området om lag 94 daa. Utan at det er starta planlegging av området er det grunn til å tru at det vert regulert areal som opnar for samla meir enn 15 daa nye næringsbygg. Næringsområdet vart konsekvensutgreidd i samband med førre kommuneplanrullering, samt at gjeldande reguleringsplan vart vurdert i pågåande kommuneplanrullering. Konsekvensutgreiinga vart gjennomført i 2010, og er ikkje vurdert å vera dekkande for området med omsyn til næringsføremålet.
- § 7 omhandlar planar som skal behandlast etter energi-, vassressurs- eller vassdragsreguleringslova, eller planar som skal behandlast etter andre lover enn plan- og bygningslova. Dette er ikkje aktuelt for denne planen.
- § 8 omfattar planar og tiltak lista opp i vedlegg II, som skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn. Slike planar skal ikkje ha planprogram eller melding. Vedlegg II omfattar følgjande planar/tiltak som er aktuelt for denne planen:
  - 10 e) ii. *Bygging av hamner og havnearlegg*
  - 11 j) *Næringsbygg, bygg for offentlig eller privat tenesteyting og bygg til allmennnyttige formål*

Kriteriene for vurderinga av om ein plan eller eit tiltak kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn er gitt i § 10, og er gjeve att i tabellen under.

| Kriterium § 10   | Førebels vurdering  |
|--|---|
| <i>Egenskaper ved planen eller tiltaket omfattar:</i>  |   |
| <i>a) størrelse, planområde og utforming</i>   | Det aktuelle området for næringsverksemd er om lag 94 daa. Planområdet ligg på eit nes, men ligg innanfor etablerte ferjeleie og ligg såleis ikkje særskilt eksponert til. Storparten av området er planert med høg skjering i bakkant. |
| <i>b) bruken av naturressurser, særlig arealer, jord, mineralressurser, vann og biologiske ressurser</i> | Området er ikkje viktig med omsyn på kjende naturressursar. Det er registrert noko skog av låg bonitet. I sjø er det registrert fiskeriinteresser utanfor planområdet, om lag 100 meter ut frå land.                                    |
| <i>c) avfallsproduksjon og utslipp</i>   | Ein har ikkje konkrete planar knytt til kva for næringsverksemdar som skal etablere seg i området. Dersom det vert etablert næringer med behov for utslepp, er dette tilhøve som vert regulert gjennom sektorlovverk.                   |
| <i>d) risiko for alvorlige ulykker og/eller katastrofer</i>  | Det er ikkje vurdert som sannsynleg at aktivitet innanfor planområdet skal medføre risiko for alvorlege ulukker og/eller katastrofar.   |

| <i>Lokalisering og påvirkning på omgivelsene omfatter en vurdering av om planen eller tiltaket kan medføre eller komme i konflikt med:</i>   |   |
|--|---|
| <i>a) verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven</i>                     | <p>Det er ingen verneområde, utvalde naturtyper, prioriterte arter, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, eller objekt, områder og kulturmiljø freda etter kulturminnelova innanfor eller i nærleiken av planområdet.</p> <p>Det ligg tre verna vassdrag i fjella aust for planområdet (Hattebergvassdraget, Æneselva og Furebergselva), men desse har ikkje utløp i planområdet.</p>  |
| <i>b) truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv</i>                         | <p>Det er fleire registreringar av trua fugleartar i området. Landskapet i området er vurdert med stor verdi (landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng). Nærmaste kulturminne ligg nord for nausta, om lag 300 meter i frå planområdet.</p> <p>Det er ikkje registrert verdifulle kulturminne eller kulturmiljø, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar, eller område som er særleg viktige for friluftsliv.</p>   |
| <i>c) statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77.</i> | <p>Deler av planområdet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø, og strandsona i området er registrert som potensielt tilgjengeleg. Det er avvik i frå registreringa sør for elva, der området er planert ut.</p> <p>Det vil ikkje verta planlagd for arbeidsplassintensive verksemdar, som til dømes reine kontorarbeidsplassar innanfor området. Planframlegget vil såleis ikkje vera i konflikt med føringar for samordna areal- og transportplanlegging.</p> <p>Kvinnherad ligg i region med mindre tettstader og spreiddbygde strom i statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet. Lokaliseringa vil bidra til ei effektiv arealbruk i eksisterande knutepunkt.</p> <p>Planen vil ikkje føre med seg nedbygging av karbonrike areal, jf. Statlege planretningslinjer for klima og energi</p> |
| <i>d) større omdisponering av områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftsmål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet</i>  | Omdisponering av LNF-føremål er ikkje aktuelt.  |
| <i>e) økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskredet</i>   | Det er ikkje kjend eller vurdert som sannsynleg at planframlegget vil medføre auka belastning i område der fastsette miljøkvalitetsstandardar er overskridne. Resipienten utanfor planområdet, Kvinnheradsfjorden, er registrert med moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand i vann-nett.   |
| <i>f) konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning</i>   | Det er ikkje kjend eller vurdert som sannsynleg at planframlegget vil medføre vass- eller luftforureining som vil medføre helsekonsekvensar for dei som bur i nærleiken. Avstand til nærmaste bustad/våningshus er om lag 40 meter i luftlinje.   |
| <i>g) vesentlig forurensning eller klimagassutslipp</i>  | Det er ikkje kjend eller vurdert som sannsynleg at planframlegget vil medføre vesentleg forureining eller klimagassutslipp.   |

|  |  |
|--|--|
| h) risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom | Det er gjennomført skred- og flaumfarekartleggingar i området, og det er avgrensa faresoner for flaum (S2) og for sørpeskred (S3). |
|--|--|

Det skal i plansaker avklarast om området er eigna til ønska arealbruk. Planen har i utgangspunktet ikkje eigenskapar som kjem i vesentleg konflikt med vurderingskriteriene som er lista opp i KU-forskrifta § 10 andre ledd (bokstavane a – d) over. Når det gjeld lokalisering og påverknad på omgjevnadane kan planframlegget ha vesentleg verknad ettersom tiltaka vil planleggjast i strandsone med konsekvensar for strandsoneverdiar/-interesser, landskap og ferjetrafikk. Området i nord er i større grad urørt naturområde, som er regulert til næring gjeldande reguleringsplan og avsett til næring i KPA. Nye tiltak kan ha konsekvensar for strandsoneverdiar/-interesser, landskap og naturmangfald. Etter ei samla vurdering kjem ein til at planen fell inn under konsekvensforskrifta § 6b i konsekvensforskrifta, og at planframlegget såleis skal konsekvensutgreiast for enkelte deltema, og ha planprogram. Viser til kap. 9.3 for vurdering av kva KU-tema som er aktuelle for konsekvensutgreiinga.

Det fastsette planprogrammet skal liggja til grunn for utarbeiding av planforslag med konsekvensutgreiing. Føremålet er å klargjere verknadane av tiltak som kan få vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. Konsekvensutgreiinga skal sikre at disse verknadane vert vurdert, både under planlegging av tiltaket og når det skal takast stilling til om tiltaket skal gjennomførast, ev. på kva vilkår og/eller med avbøtande tiltak.

## 6.2 Planprosess og medverknad

Krav til planprosess er fastsett i plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiingar. I arbeidet med detaljreguleringa er det ønskeleg med medverknad frå ulike grupper som har interesse av eller vert påverka av planarbeidet.

Alle offentlege organ, fagmynde og interesseorganisasjonar er høyringspartar og vil få tilsendt varsel direkte. Andre vert varsla om planarbeidet via kunngjering i avis. Undervegs i planprosessen skal det vurderast behov for folkemøte for å informere om prosjektet og få innspel frå naboar.

Detaljreguleringa skal gjennom følgjande prosess:

- Forslag til planprogram og varsel om oppstart vert lagt ut på høyring til naboar og offentleg mynde, samt varsla i avisa.
- På bakgrunn av innspel til varsling, vert endeleg planprogram politisk vedteke og stadfesta i Kommunestyret.
- Planforslag med plankart, føresegner og planskildring med konsekvensutgreiing vert utarbeidd på bakgrunn av planprogrammet.
- Planforslaget (1. gongs handsaming) vert handsama av ansvarleg mynde i kommunen og deretter lagt ut på offentleg ettersyn. Naboar og offentleg mynde kan då gje merknadar.
- Gjennomgang av merknader frå offentleg ettersyn, eventuelle endringar av planframlegget.
- Plan for endeleg godkjenning (2. gongs handsaming) i kommunen.

| <b>Førebels tidsplan</b>                          |                         |
|---|-------------------------|
| Forprosjekt                                       | Mai 2025                |
| Oppstartsmøte                                     | Ikkje naudsynt          |
| Behandling i planutvalet                          | Sommar 2025             |
| Varsel om oppstart/høyring av planprogram         | Sommar 2025             |
| Planlegging og utarbeiding av konsekvensutgreiing | Haust – vinter 2025/-26 |
| Høyring planforslag                               | Vår/sommar 2026         |
| Vedtak  | Haust 2026              |

## 7 Føringer og rammer for planarbeidet

Tilhøve til nasjonale mål og retningslinjer, regionale planar, kommuneplanar og andre relevante planar skal kort gjerast greie for i planarbeidet. Det skal gjerast greie for i kva grad planen samsvarar med gjeldande planar i området.

### Nasjonale og regionale føringer og rammer

Relevante lovverk er ikkje lista opp, men ligg til grunn for planarbeidet.

- Nasjonale forventingar til regional og kommunalplanlegging 2023-2027
- Statlige planretningslinjer for klima og energi (2024)
- Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (2024)
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- Rundskriv H5/18, Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442)
- Klimaplan for 2021-2030 (Meld. St. 13 (2020-2021 og Innst. 325 S, 2020-2021)
- Regional plan for klima 2022-2035
- Regional plan for folkehelse 2014-2026
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026
- Vassforvaltningsplan for Vestland vassregion 2022-2027
- Regional plan for kultur 2023-2035
- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024
- Plaststrategi - ein plastfri natur og eit plastfritt Vestland
- Regional transportplan 2022-2033 for Vestland (RTP)
- Regional plan for Kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger, 2017
- Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033
- Regional plan for fornybar energi 2023-2035

### Lokale føringer og rammer

- Kommuneplanen sin samfunnsdel – Kvinnherad 2050 (vedteken 2022)
- Kommuneplanen sin arealdel 2016-2026
- Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2020-2028
- Kommunedelplan for kulturmiljø 2020-2030
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014-2022
- Trafikktryggingssplan 2021-2028
- Klima- og energiplan 2020
- Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde 2015-2016
- Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse, 2022
- Akseptkriterium og metode for ROS
- Kvinnherad kommune Aktsomhetskartlegging - Fare for områdeskred Sprøbrudd- og kvikkleireskred. Norconsult, 2024. 5203214-RIG-R01


## 8 Sentrale fagtema i planarbeidet

Sentrale fagtema i planarbeidet vert gjort greie for her. Kapittel 9.3 skildrar kva fagtema som skal konsekvensutgreiast. Andre aktuelle fagtema vil vera del av planomtalen, jf. pbl. §§ 4-2 og 4-3. Kapittel 9 skildrar alternativ som skal utgreiast, metodikk og kunnskapsgrunnlag.

### 8.1 Naturressursar (landbruk og fiskeri)

Areala nærmast elva er i AR5 (markslag) registrert som barskog, låg bonitet og grunnlendt grunnforhold. Areal mellom det planerte arealet og fv. 500 er klassifisert som skog med låg bonitet og grunnlendt grunnforhold,

samt eit mindre område i sør som fulldyrka jord. Arealet nord for elva er klassifisert som skog med barte, middels og impediment bonitet og grunnlendt grunnforhold. Aust for fv. 500 er det små jordbruksteigar, og elles skogsområde der barte dominerer.




Figur 7 Klassifiserte markslag AR5 i området, med planavgrensing

Berggrunnsgeologien er i hovudsak granitt, granodioritt (granitt, ikkje inndelt, vesentleg middelskorna). I følgje NGU er lausmassedekket i hovudsak beståande av morenemateriale, usamanhengande eller tynt dekke over berggrunnen.

I sjø er det registrert fiskeriinteresser utanfor planområdet, om lag 100 meter ut frå land. Dette er eit større område klassifisert som fiskeplass med passive reiskap, Svoldalsneset – Teiganeset der brukarane er kystfiskarar frå Hardangerfjordregionen og fritids- og turistfiske. Fiske skjer med bruk av garn og i hovudsak perioden januar – desember etter lyr og sei. Det er ikkje registrert i kjente databasar førekomstar av skjelsand eller sjølaksefiskeplass nær planområdet.

Nærmaste akvakulturanlegg i sjø er Djupevika i sør og Trommo i nord. Desse ligg høvesvis om lag 1,6 km og i overkant av 4 km frå planområdet.




Figur 8 Fiskeriinteresser og akvakultur i nærområdet, med planavgrensing

## 8.2 Naturmangfold

I Miljødirektoratet sin Naturbase er det per 29.01.25 ikkje registrert naturtypar på land eller marine naturtypar i, eller nær, planområdet. Om lag 250 meter lenger sør, langs fv. 500 på Teiganeset, er det registrert naturtype Eng-aktig sterkt endra fastmark med låg kvalitet. Det er ingen verna område, registrerte korallar, leveområde/funksjonsområde for vilt/fuglar i nærleiken. Areal aust for fv. 500 er registrert som beiteområde/leveområde for hjort.

Det er nokre punkt registreringar/observasjonar av artar av særleg stor forvaltningsinteresse (gråspett (LC), vasskryp (EN), granmeis (VU)), samt fugleartar vurderte i Norsk rødliste for artar 2021. Presisjonen på observasjonane varierer mellom 10 meter til 1000 meter.

| Namn      | Rødlista | Namn        | Rødlista |
|-----------|----------|-------------|----------|
| Vasskryp  | EN       | Storskarv   | NT       |
| Hettemåke | CR       | Mellomskarv | NT       |
| Havelle   | NT       | Tjeld       | NT       |
| Svartand  | VU       | Grønnfink   | VU       |
| Taksvale  | NT       | Granmeis    | VU       |
| Høsehauk  | VU       | Sanglerke   | NT       |
| Fiskemåke | VU       | Gråmåke     | VU       |
| Ærfugl    | VU       |             |          |



Figur 9 Utsnitt Artsdatabankens Artskart.


Det er også gjort funn av framande artar i området. I 2019 har Norsk Botanisk Forening observert hvitsteinkløver på Årsnes industriområde. Registreringa er skildra slik: *Spredd utover noen få kvadratmeter årsplanter og fruktifiserende individer*. I tillegg er hagelupin registrert ovanfor ferjeoppstillingsplassane i 2015 (Norsk Botanisk Forening). Både hvitsteinkløver og hagelupin er vurderte med svært høg risiko i Fremmedartslista 2023.

Bekkene i og nær planområdet er klassifisert i fellesskap og namngitt som Vardaneset bekker (ID 045-11-R). Middels, svært kalkfattig type 1d, klar (TOC 2-5) vasstype. Tilstanden på bekkene er udefinert, men det er forventa å nå miljømåla som er sett i vann-nett.no.

Sjøområdet utanfor planområdet er ein del av vassførekomsten Kvinnheradfjorden (ID 0260040200-C). Dette er ein beskytta fjord med registrert moderat økologisk og dårleg kjemisk tilstand i følge vann-nett.no. Påverknaden på førekomsten er knytt til diffus avrenning og utslepp frå fiskeoppdrett og annan menneskeleg påverknad. Det skal gjennomførast undersøkingar i 2022-2027 for å auke kunnskapsgrunnlaget.

### 8.3 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne- eller kulturmiljø, SEFRAK-registrerte bygg eller nyare tids kulturminne som ligg innanfor området. Nærmaste kulturminne ligg nord for nausta, om lag 300 meter i frå planområdet. Dette er eit arkeologisk minne, eit gravminne i frå bronsealder (Årsnes-Fetts fk. 1, ID 95947), beskrive som *Røys, mykje utkasta og tvilsam, overgrodd av lyng og eine, 8-10 m i tvn*. Av SEFRAK-registrerte bygningar i nærleiken er bustadhuset og uthuset på gbnr. 70/8 registrerte. Dei er bygde i fjerde kvartal på 1800-talet, og er ikkje meldepliktige (gul trekant). Lenger nord, på gbnr. 85/17 og 69/1, ligg det fire SEFRAK-registrerte bygningar som er meldepliktige (raud trekant).



Figur 10 Utsnitt Riksantikvarens Askeladden.

### 8.4 Landskap

Planområdet ligg på Årsnes, og det er sjø i vest. Landskapet skrå bratt oppover mot fjella, som i området er om lag 700 meter høge. Deler av området er planert, og det er vegtilkomst inn i området. Det er store høgdeforskjellar innanfor området, der den planerte delen ligg på om lag på kote +3, og området i aust der fv. 500 går, ligg om lag på kote +24.



Figur 11 3D-kart over området, der planområdet er markert. Kommunekart.com




Figur 12 3D-kart over området, der planområdet er markert. Sett i frå nordvest. Kommunekart.com

Området ligg innanfor landskapsregion 22 Midtre bygder på Vestlandet (Landskapstyper langs kyst og fjord i Hordaland), som er ein del av landskapstypen brede fjordløp og fjordmøter. Underregionen, Kvinnheradsfjorden, har verdi 4 (stor verdi, landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng).

Området ligg i landskapstype *Relativt Åpent fjordlandskap med bebyggelse/infrastruktur* (LA-TI-K-F-9, Natur i Norge). Landskapstypen omfattar fjordlandskap der dalforma er relativt ope og middels sterkt nedskåre frå kringliggande åsar, fjell og/eller slettelandskap. Landskapet har eit tydeleg preg av menneskeleg påverknad. Meir enn 2 km<sup>2</sup> eller meir enn en fjerdedel av området har spreidd busetnad, gardsbruk, næringsområde, større samferdselsannlegg, konsentrasjonar av busetnad eller teknisk infrastruktur i form av grender, bygder, små tettstader, bustad og hyttefelt.

## 8.5 Strandsone og friluftsliv

Planområdet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø, sjå figur under. Strandsone i området er dels registrert som potensielt tilgjengeleg, med varierende hellingsgrad. Potensielt tilgjengeleg strandsoneareal er definert som «areal i 100-metersbeltet som ikkje er bygningsnært (meir enn 50 meter frå næraste bygg), ikkje er dyrka mark, og ikkje er veg- eller jernbaneareal». Som flyfoto i Figur 1 syner, er det planert eit større område vidare mot nord, og reell situasjon for potensielt tilgjengeleg strandsone avvik difor i frå figur under.



Figur 13 Potensielt tilgjengeleg strandsone i 100-metersbeltet, med hellingsgrad og planavgrensing

Kvinnherad kommune ligg i sone 3 i statlege planretningslinjer for differensiert strandsonerforvaltning (SPR), som er område med mindre press på areala. I 100-metersbeltet bør det ikkje tillatast utbygging i område som har spesiell verdi i samband med friluftsliv og allmenn ferdsle, naturkvalitetar, naturmangfald, kulturmiljø og landskap. SPR understrekar at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør prioriterast føre fritidsbustadar uavhengig av soneinndeling. Retningslinjene gir at behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar skal leggst vekt i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet. Vidare at det kan vera grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjøen, som t.d. brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanelegg. Slike tiltak bør samlast og lokalisert tilknytt anna busetnad. Retningslinjene gir at utbygging bør så langt som mogeleg lokalisert til område som er bygd i frå før, og med vekt på fellesløyser for vegar og anna teknisk infrastruktur.

I Regional kystsonerplan for Sunnhordland og ytre Hardanger er sjøområdet avsett som sjø og vassdrag generelt, eks. AK. Retningslinjene gir at desse områda skal detaljerast vidare i samband med kommunal arealplanlegging. Områda er fleirbruksområde der dei ulike interessene (t.d. fiske, ferdsel, natur og friluftsliv) er likestilte.

Det er ønskeleg å leggje til rette for kaiareal og hamneområde i sjø i området, og det vil planleggast for tiltak innanfor 100-metersbeltet i området.

Det er ikkje registrert statleg sikra friluftsområde eller regionale friluftsområde i, eller nær, planområdet. Det er heller ikkje registrert interesser knytt til friluftsliv eller nærmiljø i det aktuelle området, utover etablert naustområde nord i planområdet. Store deler av planområdet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø, der deler av den ikkje er tilgjengeleg for ålmenta grunna at det er næringsområde/anleggsområde. Nord for elva er strandsona mindre rørt, berre av fire private naust med vegtilkomst. Det er grunn til å tru at strandsona nord for elva, deler nær ferjeleiet, og i sjø, vert sporadisk nytta til rekreasjon og fritidsfiske.


## **8.6 Barn og unge**

Reguleringsplanen skal leggja til rette for næringsverksemd med tilhøyrande kai- og hamneareal. Det vil truleg vera behov for at heile eller deler av planområdet vert avstengt for ålmenta. Området skal såleis ikkje nyttast som friluftsområde, og heller ikkje nyttast til andre aktivitetar for barn og unge. Delar av området er ikkje tilgjengeleg for ålmenta eller born og unge i dag. Det er såleis ingen kjend historisk bruk av området som leike- eller opphaldsareal for born og unge. Det er ingen kjende målpunkt i området for born og unge, då området er, og har vore, eit industri-/næringsområde. På bakgrunn av dette vert verknadar av planframlegget for barn og unge skildra i planomtalen.

## **8.7 Sjøområda**

### **8.7.1 Djupnetilhøve i sjø**

Det er gjennomført kartlegging med multistråleekkolodd av sjøbotn i 2021 av Nearshore Survey. Det er i tillegg undersøkt type botn ved undervassvideokamera frå båt. Bilda viser at for det meste består botn av svaberg med tynt sedimentdekke, utsprengt område og fyllingar med sprengstein. Først lengre ute, dvs. rundt 40 m djup, vart det observert urørt sandbotn. Lengst nord vart nyleg installert straumkabel til hurtiglading av ferjene observert liggjande på svaberg.




Figur 14 Relieff/djupne/video. Kjelde: Nearshore Survey


### 8.7.2 Ferdsel på sjø: Hamn, ankring, farlei og ferdslø

Om lag 800 meter i frå planavgrensinga går hovudleia Hardangerfjorden – Odda (farleinummer. 1105). Sør for planområdet ligg Årsnes ferjekai som er ein del av sambandet til Gjermundshamn og Varaldsøy. Ferjekaien vart etablert i 2010 og avløyste ferjekaien på Løfallstrand. I dag er det ferjeselskapet Fjord1 som driv ruta for Vestland Fylkeskommune. Det er totalt 30 anløp i løpet av døgnet (kvardagar). På det hyppigaste er det 30 minutt mellom kvar avgang. Det er om lag 10 minutt liggetid før avløp til Gjermundshamn/Varaldsøy.

AIS plott frå ferjetrafikken tyder på at ferjetrafikken i hovudsak går inn til kaien frå nord og ut frå kaien mot vest. Det er ingen anløp i perioden desember 2021–2025 som har særleg store avvik frå naturleg rute.



Figur 15 AIS plott av ferjetrafikk i perioden januar 2021-januar 2025.




Figur 16 Figur som syner hovud- og bilei, inkl. farleiareal, samt navigasjonsinnretningar i området, med planavgrensing

## 8.8 Samferdsel – Transport på veg

Det vart i 2024 gjennomført ein trafikkanalyse av sivilingeniør Helge Hopen AS, sjå vedlegg. Analysen er ei innleiande vurdering med framlegg til siling av alternative løysingar for vegtilkomst til industriområdet.

### 8.8.1 Dagens trafikksituasjon

Vegane fram til planområdet er fylkeskommunale, fv. 500 og ferjesambandet Årsnes – Gjermundshamn – Varaldsøy. Trafikkmengda er synt i figur under. Fv. 500 i retning Rosendal og i retning Odda er av god standard med gul midtstripe.



Figur 17 Trafikktal for 2023 fordelt på vegnett. Sivilingeliør Helge Hopen AS, 2024.


I Statens vegvesen sitt vegkart er det registrert tre ulykker i retning Odda ved planområdet. Ei møteulykke i 1991, ei utforkøyring i 2006 og ei i 2022. I krysset på Teiganeset var det ei påkøyrsluulykke i 2021. Ein del av ulykkene i retning Rosendal er eldre enn oppgradering av fylkesvegen. I følge Vegkart er det berre registrert ei trafikkulukke med personskade på ferjekaia dei siste 20 åra. Uluikka er registrert som anna parkeringsuhell.

Det er ikkje identifisert risikofaktorar eller potensielle ulukkespunkt i området ved ferjekaien. Det er relativt få funksjonar på ferjekaien som utløyser gangtrafikk i området. Dette er avgrensa til parkeringsplass, toalett og busshaldeplass. Inn- og utkøyringa til planlagd næringsområde er i konflikt med gangaksen mellom parkeringsplass og ferjekaia, men eksponeringa (trafikkmengd) er låg.

På ferjekaien er det oppstillingsplassar i 9 felt og omkøyringsfelt til ferjekaien aust for ferjeoppstillinga. Køyre-feltet til ferjekaia gir tilkomst til planlagd industriområde i nord, parkeringsplass ved ferjekaien med 26 plassar, og busshaldeplass vest for ferjekaia. Busshaldeplass er for buss rute 740 til Bergen og 760 til Rosendal/Odda. Det er også busstopp (kantstopp) langs fv. 500 ved planområdet. Det er etablert fortau mellom parkeringsplass på ferjekaien, busshaldeplass og ferjekaien, samt langs tilkomstveg til ferjekaien på austsida og deler på vestsida.

Løysing mot ferjekaien gir at trafikk til og frå industriområdet har vikeplikt for trafikk på fylkesvegen. I periodar med av-/påkøyring til ferja må trafikk frå industriområdet vente, slik som også dagens situasjon er med trafikk gjennom området. Trafikken til næringsområdet er i konflikt med ferjetrafikken i tre kryss-område, sjå figur under:

1. Trafikk til eksisterande næringsområde og ut frå planlagd næringsområde kryssar inn- og utkøyringa til ferja. Trafikken har vikeplikt for ferjetrafikken, og samla ventetid ved inn- og utkøyring på ferja med 70% belegg er rekna til ca. 3 minutt ved innkøyring, og 2 minutt ved utkøyring frå ferja. Dette gir ei gjennomsnittleg ventetid for trafikk som har vikeplikt for ferjetrafikken på ca. 1,5 minutt ved innkøyring på ferja og ca. 1 minutt ved utkøyring frå ferja (ved statistisk jamn fordeling av bilar inn mot konfliktpunktet frå utkøyring/innkøyring på ferja startar).
2. Trafikken frå ferja til planlagd næringsområde og frå eksisterande næringsområde til ferja i konfliktpunkt 2 har vikeplikt for trafikken til ferja (ordinært vikepliktskryss).
3. Trafikken ut frå eksisterande næringsområde har ordinær vikeplikt for ferjetrafikken.



Figur 18 Køyremønster til/frå næringsområda og konfliktpunkt med trafikken til/frå ferja. Sivilingeniør Helge Hopen AS, 2024

### 8.8.2 Framtidig trafikkbilete og trafikkfordeling

Det er ikkje forventa særleg stor auke i trafikk med ferjesambandet i framtida. Samstundes ønskjer Kvinnherad kommune at dagens frekvensen på ferjeavgangar til Gjermundshamn/Varaldsøy vert oppretthalde.

Det er gjort ei vurdering av framtidig trafikkmengd i området. Forventa trafikkmengd knytt til Årsnes Industriområde Sør, når det vert etablert og fullt utbygd, er vanskeleg å estimere då ein ikkje veit kva type verksemder som vil etablere seg her. Ein har difor teke utgangspunkt i Statens Vegvesen si handbok V713 (Trafikkberegninger, 2014). I V713 er det gitt at ein kan forvente mellom 1,5-2,5 arbeidsplass per 100 m<sup>2</sup> industriareal. Vidare at forventa turproduksjon per døgn for industri (fabrikk, lager, verkstad, engros) kan reknast med utgangspunkt i:

- per tilsett mellom 1,5-5 (2,5), eller
- per 100 m<sup>2</sup> mellom 2-6 (3,5)


Det er stort sannsyn for at bilturproduksjonen til området er relativt høg med utgangspunkt i lokalisering og tilgang på kollektivtransport. Samt at type verksemder ein forventar kan etablere seg vil ha behov for at arbeidsdagen er fleksibel. På den andre sida er det planlagt store næringsflater (i overkant av 20 daa), og det grunn til å tru at det vil vera arealkrevjande næringer utan nødvendigvis mange tilsette som er aktuelle på området. Sannsynlegvis vil type verksemder som etablerer seg her ha normalt ha arbeidstid mellom kl. 08-16 på kvardagar. I tillegg vil området vera særleg attraktivt for sjøretta næringer, og ein kan såleis forvente at ein del trafikk også vil skje sjøvegen av leveransar etc.

Ein har ikkje grunnlag for å estimere tal tilsette i området ut frå kjente verksemder i området. Metodikk i V713 gir at med forventa 1,5 tilsett per 100 m<sup>2</sup> industriareal eit grunnlag for 315 tilsette på området. Ut frå berekning om tal tilsette og gjennomsnittleg 2,5 turar per tilsett, gir det ein ÅDT på 472,5. Ved å nytte utrekning med utgangspunkt i 100 m<sup>2</sup> golvflate industriareal og forventa golvflate gir det:

| Forventa golvflate næring      | 2,5 turar per 100 m <sup>2</sup> | 3,5 per 100 m <sup>2</sup> |
|--------------------------------|----------------------------------|----------------------------|
| 50% av næringsarealet (21 daa) | 263 ÅDT                          | 368 ÅDT                    |
| 35% av næringsarealet (21 daa) | 184 ÅDT                          | 267 ÅDT                    |
| 20% av næringsarealet (21 daa) | 105 ÅDT                          | 147 ÅDT                    |

Det er vanskeleg å føresjå type og tal verksemder i området og arealeffektiviteten. Ut frå berekningane ovanfor kan framtidig trafikkmengd knytt til industriområdet variere mellom 105-368 ÅDT.

Det er tatt høgde for ei generell trafikkvekst for ferjetrafikken på ca. 200 ÅDT i eit 20 års perspektiv. Det er ikkje



planlagde, store samferdselsprosjekt med avklart plan og finansiering som ventast å endre det overordna trafikkbilete i området. Når det gjeld industriområdet er det rekna med ei trafikkskaping på mellom ca. 100 og 350 ÅDT. Basert på ei skjønsmessig vurdering, vert det lagt til grunn ei framtidig trafikkmengd på ca. 200 ÅDT til/frå planlagt industriområde i sør. Dette gir ei forventning om framtidig trafikkmengd som vist i figur til venstre.

Figur 19 Prognose for framtidige trafikk-mengd i 2044 med utbygging av planlagt trafikkmengd. Sivilingeniør Helge Hopen AS, 2024

Verknadar av planframlegget for ferjetrafikken, trafikktryggleik, mjuke trafikantar, tilgjenge og kryssløysingar, trafikkmønster, kollektivdekning, byggegrense mot veg, parkering, og konsekvensar for fylkesvegnettet, samt vegtrafikk i samband med bygg- og anleggsfase skal skildrast i konsekvensutgreiinga. Gjennomført trafikk-analyse (2024) skal leggast til grunn for vurderingane. I rapporten anbefaler Helge Hopen at ein i reguleringsplanen går vidare med Alternativ 0+, som er basert på noverande køyremønster. Det vert tilrådd betre oppmerking for å leie trafikk-straumane til riktige køyrefelt og for å tydeleggjere vikepliktstilhøva (vist med kvit oppmerking). Avkøyninga til/frå industriområdet er foreslått innsnevra for å dempe køyrefart og etablere eit betre kryssingspunkt til/frå parkeringsplassen. Fylkeskommunen føreslår elles å flytte parkeringsplassen mot sjø slik at mjuke trafikantar ikkje treng å krysse avkøyrsla til næringsområdet.

## 8.9 Forureining

Forureining, inkludert støv, støv og lys er viktige problemstillingar for folkehelsa, barn og unge, samt nærmiljøet. I tillegg er det eit viktig kunnskapsgrunnlag for å vurdere planforslaget sin verknad for naturmangfald og friluftsliv.

Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor planområdet eller i tilgrensande område i dag. Det er ikkje kjent at det er støyande verksemder i nærområdet. Det er i utgangspunktet ikkje truleg at planlagd aktivitet i området vil medføre store utfordringar knytt til forureining på land eller i sjø, og heller ikkje forureining til luft eller i form av støv. Det er ikkje vurdert at støv er eit aktuelt utgreiingstema, då det ikkje er planlagt for støvfølsam busetnad eller støyande anlegg som omtalt i T-1442. Det vil ikkje bli planlagt hamn og fasilitetar for store fartøy med tilhøyrande støv, lys etc. her. Temaa vil likevel verta omtala i planomtalen, og i ROS-analysen.

## 8.10 Klimagassutslepp

Rettleiaren for konsekvensutgreiing av klima og miljø, M-1941 skisserer følgjande når det gjeld konsekvensutgreiing av klimagassutslepp:

*Klimagassutslipp er et aktuelt utredningstema dersom det er grunn til å tro at planen eller tiltaket fører til økning i klimagassutslipp på over 2 000 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter. Dette kan være aktuelt hvis:*

- *det planlegges utbygging over 5 dekar på karbonrike arealer som myr, torvmark eller skogsareal med høy bonitet*
- *det planlegges utbygging som kan gi økt transport, for eksempel ved utbygging av større boligområder mer enn 3 km unna tettsteder eller etablering av besøksintensiv eller arbeidsplassintensiv virksomhet utanfor tettstedsområder*
- *det etableres utslippsintensiv industri*
- *det blir store utslipp fra materialbruk og anleggsarbeid (massetransport, produksjon og transport av materialer)*

Klimagassutslepp er knytt til både arealbruk/nedbygging av karbonrike areal, utbygging som kan gi auka transport, samt utslepp av drift/industri/materialbruk/anleggsarbeid. Det er ikkje vurdert at planframlegget vil føre til ein auke i klimagassutslepp på over 2000 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar, iht. sjekkpunkta som er lista opp i rettleiaren for dette temaet (utbygging på karbonrike areal, utbygging som gir auka transport, som arbeidsplassintensive arbeidsplassar, utslepps-intensiv industri eller store utslepp frå materialbruk og anleggsarbeid). På bakgrunn av dette er det vurdert at klimagassutslepp ikkje vert utgreiingstema i konsekvensutgreiinga.

## 8.11 Andre fagtema

### 8.11.1 Næringsutvikling og sysselsetting

Det er stor etterspurnad etter næringsareal til sjø i regionen. På arealet sør for elva har det vore eit ønske om å kunne etablere ei klynge med havbruksaktørar i området, særskilt ettersom akvakulturnæring har etablert seg på næringsområdet. Det er elles ønskjeleg med industri som er komplementær til Årsnes sør. Området kan òg vera aktuelt i høve riggplass for større kraftutbygging, lagerhall etc. I tillegg er det mange aktørar som har

vore i kontakt med kommunen om høve til etablering her, tilknytt djupvasskai, lager/logistikkoperasjonar, entreprenørverksemdar, riggområde og resirkuleringsanlegg for bygg-materiale.

På arealet nord for elva har det vore trekt opp at ein bør vurdere om arealet er eigna for handsaming og deponi av massar. Lokaliseringa er relativt sentral då det er kort veg til hovudvegnettet, samt at det er ikkje tettbygde strøk. Arealet er dels skjerma av eksisterande vegetasjon. På den andre sida er det spreidd busetnad aust for området som vil verta påverka av slik verksemd. I tilfelle det vert aktuelt, bør det ikkje opnast for steinknusing på staden eller andre vesentleg støyande aktivitetar. Arealet ligg tett på Årsneselva og potensiale for avrenning og forureining er sannsynleg.

Verknader av planframlegget for næringsutvikling og sysselsetting skal gjerast greie for i planomtalen.

### 8.11.2 Grunnforhold og massehandtering

Det er ingen registrerte faresoner i området, men heile området ligg under marin grense. På vegne av Kvinnherad kommune gjennomførte Norconsult AS ei kartlegging av aktsemd- og utlaupssonar for kvikkleireskred i 2024. Som følge av kartlegginga er aktsemdsområda av arealet under marin grense i kommunen no betydeleg redusert, m.a. i planområdet. I tillegg vurderte Norconsult områdestabilitet i planområdet i 2022. Vurderingane vart utført etter NVE sin rettleiar nr. 1/2019, Sikkerheit mot kvikkleireskred. Med bakgrunn i dokumentert grunnforhold med berg i dagen konkluderer Norconsult med at det ikkje er fare for områdeskred av kvikkleire i planområdet, verken på land eller i sjø.

Store deler av planområdet er planert som følge av tidlegare aktivitet på området. Planframlegget vil leggje til rette for kaiområde, og det skal gjerast ei masseberekning for å forsøke å få til ein massebalanse i området. Massar skal i den grad det er mogleg brukast internt i området, til planering, opprusting og til fylling i sjø i samband med etablering av kai. Eventuelt masseoverskot vil verte frakta ut av området og skal nyttast til godkjente tiltak. Massehandtering vil verte omtala som del av planarbeidet, på bakgrunn av prinsippa som går fram av ressurspyramiden.

### 8.11.3 Vatn, avløp og overvatn

Det er offentleg anlegg for vatn og avløp, samt tilgang på straum i området. Offentleg VA-anlegg ligg i området nord for fv. 500 og ved ferjekaien. Det ligg ein 110 mm vassleidning som kjem opp ved venterommet på ferjekaien, og på næringsområdet i sør er det lagt opp ein 160 mm vassleidning. Det er òg etablert ein permanent pumpestasjon for avløp i området. I Figur 20 under er vassleidningar synte i blått, og avløpsleidningar i grønt. Ny infrastruktur kan enkelt koplatt på eksisterande nett i området. Ev. næringsområde i nord kan enten få tilgang frå nett ved fv. 500 eller frå industriområdet i sør. Det skal utarbeidast ein VA-rammeplan i samband med planframlegget, som gir prinsipppløysingar for vasstilførsel, vatn, avløp og overvatn.



Det går ei høgspenninglinje sør og aust for industriområda. Det må etablerast ny trafo på næringsområdet i sør som vil kunne forsyne verksemdene på områda sør og nord for Årsneselva.

Figur 20 Dagens VA-nett i nærområdet

## 8.12 Risiko og sårbarheit

For å kunna redusera omfang av skadar og uønska hendingar, skal risiko og sårbarheit kartleggast i høve menneskeskapte og naturskapte hendingar. Analysen skal utførast i samsvar med DSB sin rettleiar om «Samfunns-tryggleik i kommunen si arealplanlegging» (2018). Akseptkriteria til Kvinnherad kommune skal òg nyttast.

I NVE Atlas er planområdet omfatta av aktsemdsområde for flaum (potensiell stigning av vasstand: 2,9 m) knytt til Årsneselva. I tillegg er området innanfor NVE aktsemdskart for jord- og flaumskred og snøskred, samt NGI sitt aktsemdskart for steinsprang og snøskred. Det er ingen registrerte skredhendingar i området. Planområdet ligg tilknytt sjø, og området vil såleis vera utsett for risiko knytt til havnivåstigning og stormflo.

Planområdet ligg under marin grense. I samband med Norconsult AS si kartlegging av aktsemd- og utlaups-sonar for kvikkleireskred i 2024, vart aktsemdsområda av arealet under marin grense betydeleg redusert. Dette gjeld m.a. området som detaljreguleringa er omfatta av. Viser òg til gjennomført vurdering av områdestabilitet i planområdet i 2022, der Norconsult konkluderer med at det ikkje er fare for områdeskred av kvikkleire i planområdet, verken på land eller i sjø. Området er såleis allereie vurdert i tråd med rettleiar 1/2019 *Sikkerhet mot kvikkleireskred*. I samsvar med NVE-faktaark 4/2020 skal det likevel for tiltak i strandsona, alltid gjennomførast grunnundersøkingar og geoteknisk detaljprosjektering for å kunne vurdere skredfare og stabilitet.

Det er ikkje registrert forureina område innanfor eller i nærleiken av planområdet. Det er ikkje kjent at det er lokalisert støyande verksemder i nærområdet.

Moglege konsekvensar planlagde tiltak vil ha på beredskaps- og ulukkesrisiko vil verta utgreia gjennom ROS-analysen. SKRED AS har gjennomført flaumfarevurdering i 2022 og Norconsult har gjennomført skredfarevurdering for områda på nord- og sørsida av Årsneselva (02.01.2020, rev. 24.09.2024). Vidare vurderte Norconsult områdestabiliteten i området i 2022. Rapportane skal leggjast til grunn for ROS-analysen og planlegginga av området.

ROS-arbeidet og konsekvensutgreiinga vil verta sett i samanheng ved at det ikkje er nødvendig å vurdere same tilhøve to gangar i reguleringsplanen.

## 9 Utgreiingsprogram for konsekvensutgreiing

### 9.1 Alternativ som skal utgreiast

Planar etter KU-forskrifta skal gjere greie for vurderte alternativ og i naudsynt grad omfatte utgreiing av relevante og realistiske alternativ, her medrekna alternativ lokalisering. Tilrådd alternativ skal grunnjevast.

Området er avsett til næring i gjeldande kommuneplan og reguleringsplan, og det er såleis allereie gjort ei vurdering knytt til bruken av området til næringsføremål og av alternativ lokalisering i overordna planar. Alternative utbyggingsalternativ/utformingar av planområdet er naturleg å gjennomføre i planleggingsfasen, men det er gjennomført vurderingar og silingsarbeid av utbyggingsalternativ i forprosjektet som skal leggjast til grunn for den vidare planlegginga av området. Alternative utbyggingsalternativ/utforming av planområdet er naturleg å gjennomføre for:

- a) Vidareutvikling av næringsområdet, som skissert i dette planprogrammet. Alternativet inkluderer full utbygging av heile området, inkludert næringsutvikling nord for Årsneselva og kai/hamneområde i sjø
- b) Utvikling av eksisterande næringsområdet i sør, inkludert kai/hamneområde i sjø, men utan næringsareal på nordsida av Årsneselva

**0-alternativet:** Tiltaka i reguleringsplanen skal vurderast opp mot eit 0-alternativ som er ei skildring av den framtidige utviklinga for området dersom reguleringsplanen ikkje vert gjennomført. 0-alternativet er ein måle-

stokk for vurderinga av planen sine forventa konsekvensar. 0-alternativet i denne plansaka er dagens situasjon og rammene til gjeldande reguleringsplanar.

**Planalternativ:** Hovudmålsettinga for planarbeidet er å legge til rette for næringsverksemd i området avsett til næring i gjeldande kommuneplan og reguleringsplan, samt ei utviding av næringsområdet inkl. djupvasskai i sjø. Planområdet er relativt stort, og det er naturleg å sjå på fleire utformingar av planområdet i ein skisse-/planleggingsfase. Utstrekning av næringsføremålet, storleik på utfylling i sjø, vegframføring og tilkomst er faktorar som skal vurderast.

**Alternativ lokalisering:** Vi vil òg greie ut planavklarte alternative næringsområde i Kvinnherad kommune. Ein tek ikkje med ferdig utbygde næringsområde eller næringsområde som ikkje ligg til sjø då ei etablering av dei planlagde tiltaka i desse områda òg vil medføre ei utviding av næringsområda ut over planavklart situasjon.

## 9.2 Metode

For å kunne analysere føremoner og ulemper av eit tiltak er det naudsynt å vite kva konsekvensar tiltaket gir. Konsekvens kjem fram ved å samanhalde verdi og omfang av tiltaket innanfor det enkelte tema, inkludert ev. avbøtande tiltak. Ein føresetnad for konsekvensanalysar er at ein kan klarlegge samanhengar mellom årsak og verknad. Konsekvensane av eit tiltak kjem fram ved å berekne eller vurdere forventa tilstand etter gjennomføring av tiltaket mot forventa tilstand utan tiltaket. Ein må ha ein referansesituasjon – nullalternativ - for å kunne seie noko om konsekvens. Det må i kvart enkelt prosjekt vurderast kva som er tilstrekkeleg kunnskapsnivå for å sikre eit godt nok grunnlag for avgjerder. Konsekvensutgreiinga vil i hovudsak vera basert på eksisterande kunnskap frå kjente og tilgjengelege databasar og dokument. Det skal i tillegg gjennomførast utgreiing og kartlegging av naturmangfald på land og i sjø i samband med planarbeidet.

Konsekvensutgreiinga skal, så langt det er hensiktsmessig, basera seg på metodikken i Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 (2023). Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 vil verta nytta for å vurdere planframlegget for tema naturmangfald og landskap. For tema samferdsel og ferdsel på sjø, som rettleiaren ikkje omfattar, vil metodikken bli tilpassa fagtemaet. Ut frå ei samla vurdering av mellom anna funksjon, kvalitet, kvantitet, viktighet og omfang er konsekvensen av tiltaket analysert. Viser til rettleiaren M-1941 for skildring av dei ulike stega og definisjonar av verdi, verknad, konsekvens og konsekvensgrad.

Hovudstega i utgreiinga vil vera:

- 1) Kartfesting og verdisetting av delområde
- 2) Vurdere verknad for delområda
- 3) Vurdere avbøtande tiltak
- 4) Vurdere konsekvensgrad for delområda med grunnlag i konsekvensvifta og ei samanstilling for fagtemaet.

## 9.3 Utgreiingstema og kunnskapsgrunnlag

Konsekvensutgreiinga vil gå parallelt med planarbeidet og vil bli innarbeidd som en del av planskildringa. I det følgjande er det gjort ei enkel vurdering av kva KU-tema frå rettleiar M-1941 frå Miljødirektoratet (Håndbok om konsekvensutredning av klima og miljø) som er aktuelle for konsekvensutgreiinga. Vurderinga er gjort på bakgrunn av kapitla i rettleiar M-1941 som omtalar rettleiing til å vurdere om dei ulike temaa er relevante å konsekvensutgreie.

| KU-tema i rettleiar M-1941            | Vurdering   | Konklusjon     |
|---------------------------------------|---|----------------|
| <b>Naturmangfald på land og i sjø</b> | Kartlegging av naturtypar og artar på land nord for elva, og ev. marine naturtypar og artar i sjø dersom det vert aktuelt med utfylling i sjø, samt utgreiing av arealbeslag som kan ha verknad for naturmangfald på land og i sjø. Planframlegget skal utgreiast i tråd med naturmangfaldlova. | Skal utgreiast |

|  |  |                |
|--|--|----------------|
| <b>Vassmiljø og naturmangfald i vatn</b> | Økologisk tilstand i vassførekomsten Kvinnheradsfjorden er på Vannnett vurdert som moderat, med gode sjansar for å oppnå både økologiske og kjemiske miljømål. Det er ikkje ferskvatn innanfor planområdet. Dersom det vert aktuelt med utfylling sjø skal verknader for vassmiljø vurderast grundig i planomtalen.  | Ikkje aktuelt  |
| <b>Friluftsliv</b>                       | Planområdet ligg i eit område som er sprengt ut og planert, med unntak av areal nord for elva. Der er det etablert fire naust med tilhøyrande anlegg i sjø. Det er ikkje registrert friluftsområde i, eller nær, planområdet. Området ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø, der deler av den ikkje er tilgjengeleg for ålmenta grunna at det er næringsområde/anleggsområde. Det er grunn til å tru at strandsona nord for elva, deler nær ferjeleiet, og i sjø, vert sporadisk nytta til rekreasjon og fritids-fiske. Verknad på friluftsliv knytt til både land/strandsona, sjø, samt tilgjenge til attraktive friluftsområde og fritidsfiske-område skal utgreiast. | Ikkje aktuelt  |
| <b>Verdensarv</b>                        | Ikkje aktuelt, er ikkje registrert i området.  | Ikkje aktuelt  |
| <b>Landskap</b>                          | Planområdet ligg i eit område som er sprengt ut og planert, med unntak av areal nord for elva. Der er det etablert fire naust med tilhøyrande anlegg i sjø. Ei utbygging i området vil kunne vise igjen i landskapet, og på bakgrunn av dette er det vurdert at landskap inngår som KU-tema. Landskapet sin karakter og planframlegget sin visuelle påverknad på landskapet skal synleggjerast. Verknader for naboar og nær- og fjernområde skal utgreiast.  | Skal utgreiast |
| <b>Klimagassutslepp</b>                  | Det er ikkje vurdert at planframlegget vil føre til ein auke i klimagassutslepp på over 2000 tonn CO <sub>2</sub> -ekvivalentar, iht sjekkpunkta som er lista opp i rettleiaren for dette temaet (utbygging på karbonrike areal, utbygging som gir auka transport, som arbeidsplassintensive arbeidsplassar, utsleppsintensiv industri eller store utslepp frå materialbruk og anleggs-arbeid).  | Ikkje aktuelt  |
| <b>Støy</b>                              | Det er ikkje vurdert at støy er eit aktuelt utgreiingstema, då det ikkje er planlagt for støyfølsam busetnad eller støyande anlegg som omtalt i T-1442. Det vil ikkje bli planlagt hamn og fasilitetar for store fartøy med tilhøyrande støy, lys etc. her.  | Ikkje aktuelt  |
| <b>Luftforureining</b>                   | Det er ikkje vurdert at luftforureining er aktuelt utgreiingstema, då det ikkje er planlagt utbygging i område med luftforureining, og det er heller ikkje planlagt utbygging som vil medføre auka luftforureining, jf. rettleiar M-1941.  | Ikkje aktuelt  |
| <b>Forureina grunn</b>                   | Det er ikkje kjent at det er forureina grunn i planområdet. Ev. opprydding av forureina grunn er som oftast dekkja av forureiningsforskrifta kapittel 2, og vert handtert i samband med byggesak. Det er sjeldan at forureininga er så krevjande at forureina grunn skal konsekvensutgreiast i planfasen, iht rett-leiar M-1941.   | Ikkje aktuelt  |
| <b>Kulturmiljø</b>                       | Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne- eller kulturmiljø, SEFRAK-registrerte bygg eller nyare tids kulturminne som ligg innanfor området. Nærmaste kulturminne ligg nord for nausta, om lag 300 meter i frå planområdet, utan innsyn utsikt til planområdet. Det er ikkje grunn til å tru at planen kan få vesentlege verknader for kulturminne eller kulturmiljø. På bakgrunn av dette er det vurdert at kulturmiljø ikkje er utgreiingstema. Potensiale for nye funn skal avklarast i planarbeidet, og verknad for kulturminne vil vurderast i planen.  | Ikkje aktuelt  |

På bakgrunn av vurderingane i tabellen etter rettleiar M-1941, samt vurderingane av verknadane tidlegare i rapporten, er det vurdert at følgjande tema er relevante å konsekvensutgreie etter KU-tema:

- Naturmangfald på land og ev. i sjø (innhenting av ny kunnskap)
- Landskap
- Samferdsel
- Ferdsel på sjø inkl. ferjetrafikk

| <b>Utgreiingstema</b> | <b>Eksisterande kunnskapsgrunnlag</b><br>(ikkje uttømmande)  | <b>Nye kartleggingar for å auke kunnskapsgrunnlaget</b>   |
|-----------------------|--|---|
| <b>Naturmangfald</b>  | Naturbase<br>Artskart/Artsdatabanken<br>Vannportalen<br>Kystnære fiskeridata, Fiskeridirektoratet<br>Rapport etter kartlegging med multistråleekkolodd, Nearshore Survey AS, 2021<br>Lokalkunnskap<br>Grunnforhold (forureining) | Kartlegging av naturtypar og artar på land nord for elva, og ev. marine naturtypar og artar i sjø dersom det vert aktuelt med utfylling i sjø |
| <b>Landskap</b>       | Kommuneplanen sin arealdel<br>Grunnkart som syner busetnad<br>Nasjonalt referansesystem for landskap<br>Landskapstyper ved kyst og fjord i Hordaland<br>Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke, Aurland<br>Naturverkstad   | Synfaring<br>Synlegheitsanalyse<br>Visualisering av ny utbygging  |
| <b>Samferdsel</b>     | Kommuneplanen sin arealdel<br>Handbok N100<br>Trafikkanalyse for Industriområdet Årsnes, Sivilingeniør Helge Hopen AS, 2024<br>Vegkart, Statens vegvesen   | Synfaring   |
| <b>Ferdsel på sjø</b> | Kommuneplanen sin arealdel<br>Kyst-info<br>Kystdatahuset<br>Yggdrasil<br>Rapport etter kartlegging med multistråleekkolodd, Nearshore Survey AS, 2021  |   |

Konsekvensutgreiinga skal, så langt det er hensiktsmessig, baserast på Miljødirektoratet sin rettleiar M – 1941. For tema som ikkje inngår i rettleiaren (ferdsel på sjø) vil metodikken tilpassast på ein hensiktsmessig måte.

Andre aktuelle fagtema som friluftsliv, vassmiljø, kulturminne og kulturmiljø og fiskeri, ROS-analyse etc. vil vera del av planomtalen, jf. pbl. §§ 4-2 og 4-3. Det vil avklarast potensiale for nye funn av kulturminne og kulturmiljø som del av planarbeidet, samt nye kartleggingar av naturmangfald.

ABO Plan & Arkitektur Stord AS  
Postadr.: Pb. 32, 5401 Stord  
Besøksadr.: Torgbakken 9  
poststord@abo-ark.no